



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Formannskapet
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Formannskapssalen
<b>Dato:</b>	28.03.2017
<b>Tid:</b>	13:30 – 18:50

### Medlemer som møtte:

Camilla Storøy	Nestleder	KRF
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Svein Gjelseth	Medlem	AP
Reidun S Myrvågnes	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP

### Forfall:

Arnulf Goksøyr	LEDER	H
Kjell Runde	MEDL	FOLK/SP

### Varamedlemer som møtte:

Bjørn Otterlei	Arnulf Goksøyr	H
----------------	----------------	---

### Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad  
Politisk sekretær Lisbeth Moltu Espeseth  
Servicetorgleiar Wenche Moltu  
Eigedomsleiar Robert Myklebust  
Bustadkonsulent Ida Myklebust  
Planleggar Ole Magne Rotevatn  
Leiar seksjon samfunnsutvikling Jarl-Martin Møller  
Skatteoppkrevjar Jan Driveklepp  
Prosjektleiar infrastruktur Lene Søvik Huldal

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren/leiararen vart desse valde:  
Reidun Myrvågnes og Ole Brubakk

Det vart drøfta/orientert om:

- Presentasjon av Lokaldemokratiundersøkinga v/KS i kommunestyremøte 11.05.2016.
- Presentasjon av Demokratiprojektet v/Sunnmøre Regionråd i kommunestyremøte 22.06.2017.
- Innbyggjarundersøking v/servicetorgleiar Wenche Moltu.
- Bergsøy skule Borga v/eigedomleiar Robert Myklebust.
- Epost av 08.02.2017 frå H.O.Låbakk – u.off. §13. Formannskapet ber ordførar følgje opp saka.
- Fosnavåg hamn v/leiar seksjon samfunnsutvikling Jarl-Martin Møller.

Sakene vart handsama i slik rekkefølge:

44/17, 51/17, 57/17, 58/17, 45/17, 46/17, 47/17, 53/17, 54/17, 55/17, 56/17, 48/17, 49/17, 50/17, 52/17, 59/17 og 60/17.

---

underskrifter

Reidun Myrvågnes

Camilla Storøy  
varaordførar

Ole Brubakk

## OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 40/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 41/17	Protokoll frå førre møte
PS 42/17	Delegerte saker
PS 43/17	Referatsaker
PS 44/17	Søknad om startlån
PS 45/17	Detaljreguleringsplan for Teigane - utlegging til offentlig ettersyn
PS 46/17	Detaljreguleringsplan for Håvika - utlegging til offentlig ettersyn
PS 47/17	Reguleringsplan Skarabakken - utlegging til offentlig ettersyn.
PS 48/17	Prisfasttjing og retningslinjer for sal av kommunale bustadtomter
PS 49/17	Tomtepris Vike/Toftedal
PS 50/17	Val av plassering - pumpestasjon Almenningen
PS 51/17	Prosjekt 51408 - Einedalen skule - nedskalert prosjekt - alternativ lokalisering
PS 52/17	Reservasjon av næringstomt på Mjølstadneset
PS 53/17	Reguleringsendring for Aspevika - Slutthandsaming
PS 54/17	Detaljreguleringsplan for Gjertneset - utlegging til offentlig ettersyn
PS 55/17	Interkommunal kystzoneplan for ytre søre Sunnmøre - oppstart av planarbeid
PS 56/17	Utgreiing av ny lokalisering for Herøy vidaregåande skule
PS 57/17	Skatterekneskapen 2016
PS 58/17	Budsjettkontroll per 28.02.2017
PS 59/17	Gnr 60 Bnr 454 - Avtale om vegrett over kommunal grunn
PS 60/17	Gnr 15 Bnr 3 - Førespurnad om kjøp av eigedom

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 4/17 Søknad om endring av løyve.- bytte av stedfortredar
- DS 5/17 Tildeling av prikkar i samband med brot på alkohollova.
- DS 6/17 Melding om utviding av salsareal på salsbevilling for Kiwi Eggesbønes.

## Referatsaker

- RS 25/17 Synspunkter på klage fra Ørskog kommune
- RS 26/17 Årsmelding 2016 Frostating lagmannsrett
- RS 27/17 Orientering om Mørenett og anleggsbidrag
- RS 28/17 Brev til kommuner i Møre og Romsdal vedr. klage fra Stranda av 8.3.2017.
- RS 29/17 Synspunkter vedr. klage fra Norddal
- RS 30/17 Protokoll Fylkesmøte i KS Møre og Romsdal 16.02.2017
- RS 31/17 Prosjektstyring - tilbakemelding til kommunestyret
- RS 32/17 Forsvarets veteran tjeneste
- RS 33/17 Søknad om økonomisk støtte - Operasjon Dagsverk i Møre og Romsdal.
- RS 34/17 Styrk matproduksjonen
- RS 35/17 Vedlegg 5 til søknad om fiskerihavn Herøy kommune
- RS 36/17 Feiring av Runde fyr 250 år
- RS 37/17 Omorganisering Sørøyane HV-område
- RS 38/17 Søknad om tilskot til kommunale fiskerihavn tiltak - Herøy kommune
- RS 39/17 Nye kommunar i Møre og Romsdal - Info-skriv nr. 1/2017

## **PS 40/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

## **PS 41/17 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE**

### **Møtebehandling:**

Møteprotokoll frå førre møte låg føre.

## **PS 42/17 DELEGERTE SAKER**

### **Møtebehandling:**

Delegerte saker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

## **PS 43/17 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

## **PS 44/17 SØKNAD OM STARTLÅN U.OFF. §13**

## **PS 45/17 DETALJREGULERINGSPLAN FOR TEIGANE - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN**

### **Møtebehandling:**

Planleggar Ole Magne Rotevatn møtte og orienterte i saka.

Svein Gjelseth reiste sitt habilitetsspørsmål. Bror er grunneigar og part i saka. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Svein Gjelseth vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40 og Fvl §6a.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Formannskapet - 28.03.2017**

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at detaljreguleringsplan for Teigane gnr. 5 bnr. 14 mfl. vert lagt ut til offentleg ettersyn i minst seks veker.

#### **PS 46/17 DETALJREGULERINGSPLAN FOR HÅVIKA - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN**

##### **Møtebehandling:**

Planleggar Ole Magne Rotevatn møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Formannskapet - 28.03.2017**

Formannskapet vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, at detaljreguleringsplan for Håvika vert lagt ut til offentleg ettersyn i minst seks veker.

#### **PS 47/17 REGULERINGSPLAN SKARABAKKEN - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN.**

##### **Møtebehandling:**

Leiar sektor samfunnsutvikling Jarl Martin Møller møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Formannskapet - 28.03.2017**

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10 å leggje detaljreguleringsplan for Skarabakken ut til offentleg ettersyn i tida 30.mars – 11.mai 2017.

#### **PS 48/17 PRISFASTSETJING OG RETNINGSLINER FOR SAL AV KOMMUNALE BUSTADTOMTER**

##### **Møtebehandling:**

Leiar seksjon samfunnsutvikling Jarl Martin Møller møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 28.03.2017**

Formannskapet vedtek nye reviderte retningslinjer for sal av bustadtomter revidert januar 2017 og følgjande prisfastsetjing i kommunale bustadfelt:

Nye bustadfelt-

Kvadratmeterpris (m<sup>2</sup>) i nye bustadfelt i område kring Leine, Dragsund, Bergsøya skal vere utrekna med basis i kva det kostar å opparbeide bustadfeltet inklusive grunnnervvskostnader. Nye bustadfelt skal i tillegg takserast ved ferdigstilling og endeleg prisfastsetjing vert etter prinsippet kva som gir høgaste salgspris for kommunen (sjølvkost eller markedspris).

Eldre opparbeidde tomter-

Bustadfelt skal retakserast og kvadratmeterpris (m<sup>2</sup>) vert fastsett etter takstgrunnlaget.

Felles-

Prisane i bustadfeltet skal regulerast etter bustadprisindeksen (4 kvartal foregåande år) og kvart femte (5) år skal kommunale bustadfelt retakserast.

### **PS 49/17 TOMTEPRIS VIKE/TOFTEDAL**

#### **Møtebehandling:**

Leiar seksjon samfunnsutvikling Jarl Martin Møller møtte og orienterte i saka.

Bjørn Otterlei (H) kom med slikt framlegg:

«Eigedomane 36/123, 36/124, 36/125 og 36/126 i Vike/Toftedal vert taksert og lyst ut for sal til takst. Er det fleire bydarar så vert valet avgjort ved loddtrekning. Utgiftene knytt til oppmåling, tinglysing, m.v. kjem i tillegg.»

Framlegget frå Bjørn Otterlei (H) vart vedteke med 5 mot 3 røyster.

Svein Gjelseth (Ap), Per Kristian Furø (Ap) og Reidun Myrvågnes (Ap) røysta mot.

### **Vedtak i Formannskapet - 28.03.2017**

Eigedomane 36/123, 36/124, 36/125 og 36/126 i Vike/Toftedal vert taksert og lyst ut for sal til takst. Er det fleire bydarar så vert valet avgjort ved loddtrekning. Utgiftene knytt til oppmåling, tinglysing, m.v. kjem i tillegg.



## **PS 50/17 VAL AV PLASSERING - PUMPESTASJON ALMENNINGEN**

### **Møtebehandling:**

Prosjektleder infrastruktur Lene Søvik Huldal møtte og orienterte i saka.

H og Frp v/Ann Katrin (Tine) Storøy (H) kom med slikt framlegg:

1. Herøy kommunestyre vedtek plassering av pumpestasjon som vist i konsulentrapport datert 17.02.2017.  
Pumpestasjonen vert flytta til det vestlege hjørnet av kaia.
2. Flyttinga vert lånefinansiert ved låneopptak inntil kr. 1,5 mill. Renter og avdrag vil då utgjere om lag kr. 60.000,- i årleg kostnad.
3. Herøy kommunestyre ber administrasjonen utarbeide løysning for overbygg på pumpestasjonen i moderne design og skal innehalde ei god renovasjonsløyning.
4. Herøy kommunestyre godkjenner planar for mellombels tilstelling ved gnr. 34/86 og ber administrasjonen inngå naudsynt avtale med grunneigar.
5. Saka bør få 1. prioritet, slik at dette kjem snarleg på plass. Avtale med dei som skal ha festival så det ikkje vert til ulempe i år.»

Ole Brubakk (Krf) kom med slikt framlegg:

«Saka vert utsett. Prosjektet vert vurdert i samband med budsjettet.»

Det vart halde gruppemøte.

Svein Gjelseth (Ap) kom med slikt framlegg:

1. Formannskapet ber om at administrasjonen utgreier ein heilheitleg plan for almenningsskaia der ein hever kaia til 2,2 m.
2. Pumpestasjonen vert integrert i den nye kaia der den ligg i dag og fjernstyrt.
3. Saka vert å innarbeide i 2018-budsjettet.»

Rådmannen sitt framlegg fall samrøystes.

Framlegget frå Ole Brubakk (Krf) fekk 1 røyst.

Framlegget frå Svein Gjelseth (Ap) fekk 3 røyster.

Framlegget frå H/Frp fekk 5 røyster.

### **Tilråding i Formannskapet - 28.03.2017**

1. Herøy kommunestyre vedtek plassering av pumpestasjon som vist i konsulentrapport datert 17.02.2017.  
Pumpestasjonen vert flytta til det vestlege hjørnet av kaia.
2. Flyttinga vert lånefinansiert ved låneopptak inntil kr. 1,5 mill. Renter og avdrag vil då utgjere om lag kr. 60.000,- i årleg kostnad.

3. Herøy kommunestyre ber administrasjonen utarbeide løysning for overbygg på pumpestasjonen i moderne design og skal innehalde ei god renovasjonsløyning.
4. Herøy kommunestyre godkjenner planar for mellombels tilstelling ved gnr. 34/86 og ber administrasjonen inngå naudsynt avtale med grunneigar.
5. Saka bør få 1. prioritet, slik at dette kjem snarleg på plass. Avtale med dei som skal ha festival så det ikkje vert til ulempe i år

## **PS 51/17 PROSJEKT 51408 - EINEDALEN SKULE - NEDSKALERT PROSJEKT - ALTERNATIV LOKALISERING**

### **Møtebehandling:**

Eigedomsleiar Robert Myklebust møtte og orienterte i saka.

Det vart sett fram slikt framlegg:

1. Formannskapet viser til vedtaket i møte 20.09.2017 og ber om at dette vert utgreidd.
2. Formannskapet ber vidare om at ein gymsal ved Einedalen skule og ein enkel fleirbrukshall ved Herøy kulturhus og idrettshall vert utgreidd.

### **Vedtak i Formannskapet - 28.03.2017**

1. Formannskapet viser til vedtaket i møte 20.09.2017 og ber om at dette vert utgreidd.
2. Formannskapet ber vidare om at ein gymsal ved Einedalen skule og ein enkel fleirbrukshall ved Herøy kulturhus og idrettshall vert utgreidd.

## **PS 52/17 RESERVASJON AV NÆRINGSTOMT PÅ MJØLSTADNESET**

### **Møtebehandling:**

Leiar seksjon samfunnsutvikling Jarl Martin Møller møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Formannskapet - 28.03.2017**

Formannskapet vedtek at KO & KO AS får reservere tomteareal som omsøkt.

Frist for å kjøpe tomte er satt til : **7.2.2018**

## **PS 53/17 REGULERINGSENDRING FOR ASPEVIKA - SLUTTHANDSAMING**

### **Møtebehandling:**

Planleggar Ole Magne Rotevatn møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 28.03.2017**

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *reguleringsendring for Aspevika gnr. 50 bnr. 4 mfl.* datert 28.11.2016 og føresegn datert 14.03.2017.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

## **PS 54/17 DETALJREGULERINGSPLAN FOR GJERTNESMARKA - SLUTTHANDSAMING**

### **Møtebehandling:**

Planleggar Ole Magne Rotevatn møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 28.03.2017**

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, *detaljreguleringsplan for Gjertnesmarka* datert 13.03.2017 og føresegn datert 13.03.2017.

Planvedtaket kan påklagast, jf. plan- og bygningslova, § 1-9 og 12-12 og Forvaltningslova kapittel VI innan tre - 3 - veker frå kunngjeringsdato.

## **PS 55/17 INTERKOMMUNAL KYSTSONEPLAN FOR YTRE SØRE SUNNMØRE - OPPSTART AV PLANARBEID**

### **Møtebehandling:**

Leiar seksjon samfunnsutvikling Jarl Martin Møller møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 28.03.2017**

Herøy kommunestyre vedtek å starte opp interkommunalt plansamarbeid for etablering av felles kystsoneplan for kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven kommune.

Organisering av planarbeidet vert som skissert i saksutgreiinga med felles styre der kommunane har to representantar kvar.

Styret får herved delegert mynde til å gjennomføre planarbeidet i tråd med plan- og bygningslova sine reglar, herunder utarbeiding av planprogram, stadfesting av planprogram, opplegg for konsekvensutgreiing og medverknad, vedta og opprette utval eller innhente konsulentbistand og vedta korleis kommunikasjonen mellom *Styret* og kommunestyra skal vere.

Kommunestyret beheld mynde til å vedta oppstart jf. pbl § 11-12, vedta høyring av planforslag jf. pbl § 11-14 og vedtak av plan jf. pbl § 11-15

Herøy kommune skal vere vertskommune for prosjektet og det er forutsett at prosjektleiar skal ha kontor på Runde miljøsenter

Kostnaden med planarbeidet er pr. kommune stipulert til 144 000 kroner og vert finansiert ved bruk av driftsfond slik :

19400/50\*/301 – opp kr 144.000,-

13700/50\*/301 – opp kr 144.000,-

### **PS 56/17 UTGREIING AV NY LOKALISERING FOR HERØY VIDAREGÅANDE SKULE**

#### **Møtebehandling:**

Leiar seksjon samfunnsutvikling Jarl Martin Møller møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Formannskapet - 28.03.2017**

Kommunestyret i Herøy inviterer Møre og Romsdal fylkeskommune til samarbeid om å greie ut forskottering og relokalisering av Herøy vidaregåande skule til Fosnavåg sentrum.

### **PS 57/17 SKATTEREKNESKAPEN 2016**

#### **Møtebehandling:**

Skatteoppkrevjar Jan Driveklepp møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i Formannskapet - 28.03.2017**

Herøy kommunestyre tek skatterekneskapen 2016 til vitande.

#### **PS 58/17 BUDSJETTKONTROLL PER 28.02.2017**

##### **Møtebehandling:**

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Formannskapet - 28.03.2017**

Saka vert teken til vitande.

#### **PS 59/17 GNR 60 BNR 454 - AVTALE OM VEGRETT OVER KOMMUNAL GRUNN**

##### **Møtebehandling:**

Leiar seksjon samfunnsutvikling Jarl Martin Møller møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i Formannskapet - 28.03.2017**

Herøy kommunestyre gir bruksrett over gnr 60 bnr 454 for etablering av felles privat veg for eigedomane 60/180 m.fl og 60/118 på dei vilkår som det går fram av saksutgreinga og som vist på kartskisse 03.02.2017.

Fleire eigedomar i same område kan slutte seg til *Avtale om bruksrett* dersom ein finn det hensiktsmessig og itråd med gjeldande reguleringsplanar.

#### **PS 60/17 GNR 15 BNR 3 - FØRESPURNAD OM KJØP AV EIGEDOM**

##### **Møtebehandling:**

Leiar seksjon samfunnsutvikling Jarl Martin Møller møtte og orienterte i saka.

Svein Gjelseth (Ap) kom med slikt framlegg:

1. Herøy kommunestyre vedtek å lyse ut gnr. 15/3 for sal som tilleggsjord.

2. Ordføreren får fullmakt til å signere avtale med kjøpar.»

Framlegget frå Svein Gjelseth (Ap) vart vart samrøystes vedteke.

**Tilråding i Formannskapet - 28.03.2017**

1. Herøy kommunestyre vedtek å lyse ut gnr. 15/3 for sal som tilleggsjord.
2. Ordføreren får fullmakt til å signere avtale med kjøpar.

**MØTET SLUTT KL. 18:50**